

Forskrift om skulekrinsar for Ulstein kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ulstein kommune 21.05.2026 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-6.

§ 1. Målsetjing

Formålet med forskrifta er gjere tilhøva for innbyggjarane i kommunen føreseielege når det gjeld kva skule dei ulike områda i Ulstein kommune soknar til – nærskuleprinsippet.

Klargjere kvar grensene for dei ulike skulekrinsane i kommunen går og kva skule borna skal gå ved.

Vere rettleiande i høve kommunal sakshandsaming, samt å sikre lik handsaming av søknader om skulebyte.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta omfattar alle grunnskulane i Ulstein kommune. Ved særlege tilhøve, som ved nybygging/ombygging, brann, omsyn til skyss og farleg skuleveg, kan kommunen vedta mellombelse løysingar i høve kva skule borna skal gå ved.

§ 3. Nærskulane i Ulstein kommune - nærskuleprinsippet

Forskrifta er heimla i opplæringslova § 2-6:

«Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skulekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skulekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole.

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.»

Med bakgrunn i geografiske og busetnadsmessige tilhøve, har ein denne nærskuleinndelinga i Ulstein kommune:

- Haddal skule – krinsane Eiksund(Gjerde til Havåg) og Haddal(Fjelle, Ringstaddalen, Haddal, Garnes)
- Hasund skule – krinsane Dimna(Indre Dimna til Skjerva), Hasund(Kleiva, Dimnasund, Åsen, Sundgot, Ertesvåg, Hasund, Gardshol, Strandabøen)
- Ulsteinvik barneskule – krinsane Flø, Ulstein(Gåsneset til Skeide) og sentrum
- Ulstein ungdomsskule – heile kommunen

§ 4. Skulekrinsane i Ulstein kommune

Haddal skule:

Område avgrensa frå Gjerde aust i Eiksund til og med Havåg/Aursneset, vidare Haddalbygda med Solsida byggefelt, Ringstaddalen til og med Fjelle, samt Garnes frå kommunegrensa ved brua til og med Kvalneset.

Hasund skule:

Heile Dimnøya – med nordvestsida frå og med Indre Dimna, Ytre Dimna, Hellestøa, Vågane til og med Skjerva, autsida med Kleiva, Dimnasund, Åsen, Sundgot, vidare sørsida med Sundgotmarka/Kjerringneset til og med Ertesvågane. Så aust om Straumen frå og med Botnen, Garshol, Hasund til og med Strandabøen.

Ulsteinvik barneskule:

Krinsen omfattar heile Flø, samt strekninga Gåsneset – Skeide, Halseneset i vest, sentrum, byggefelta frå Bugarden til og med Varleite, Sauneset til Strandkrysset.

Ulstein ungdomsskule:

Elevar frå heile kommunen.

§ 5. Skuleskyss

Utdrag frå opplæringslova § 4-1:

«Elevar på 1. trinn har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn to kilometer frå skolen. Elevar på 2. til 10. trinn har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn fire kilometer frå skolen.

Elevar har rett til gratis skyss dersom ein del av vegen er særleg farleg eller vanskeleg.

Elevar som treng skyss på grunn av nedsett funksjonsevne, skade eller sjukdom, har rett til gratis skyss til og frå skolen og skolefritidsordninga. Retten til skyss til og frå skolefritidsordninga gjeld ikkje i skoleferiane.

Elevar som har fleire heimar, har rett til skyss til og frå kvar heim som oppfyller vilkåra for rett til skyss.»

§ 6. Skulebyte ved skulestart

Ved søknad om skulestart ved annan skule enn nærskulen, skal denne ligge føre i god tid før skuleferien. Dersom slik søknad vert innvilga, må føresette til vanleg sørge for skyss uansett veglengd. Har skulebyttet samanheng med retten til opplæring, til dømes rett til individuelt tilrettelagd opplæring eller trygt og godt skulemiljø, vil dette likevel utløyse rett til eventuelt skuleskyss. Før vedtak om skulestart ved annan skule enn nærskulen skal begge skulane uttale seg i saka, mellom anna om risiko for auka kostnader ved gruppedeling og liknande.

§ 7. Skulebyte elles i skuleåret

Elevar som flyttar internt i kommunen, men ut av skulekrinsen, kan få innvilga søknad om fortsett skulegang ved gamal skule dersom det ligg føre sterke faglege tilrådingar frå sakkunnige instansar (til dømes PPT, BUP eller lege). Rett til skuleskyss ved gamal skule vil gjelde om søknaden har samanheng med retten til opplæring, til dømes rett til individuelt tilrettelagd opplæring eller trygt og godt skulemiljø; elles vil ein ev skyssrett falle bort. Annan søknad om skulebyte elles i skuleåret vert normalt ikkje imøtekommen.

§ 8. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2026.

§ 9. Oppheving av tidlegare forskrift

Forskrift 27. juni 2024 nr. 1540 om skulekrinsar i Ulstein kommune, Møre og Romsdal, blir oppheva frå same tidspunkt som denne forskrifta tek til å gjelde.